

Til Trøndelag fylkeskommune

Steinkjer, 1. oktober 2021

Høringssvar til Regional plan for kulturmiljø for Trøndelag fylkeskommune

Høringsutkastet med vedlegg er eit godt gjennomarbeida og solid dokument som er godt rusta for å dra det eksisterande arbeidet vidare og vidareutvikle dette.

Vi forstår korfor planen er utforma på denne måten og at den svarer på krav i kulturminneloven. Vi vil likevel peike på at vi gjerne skulle ha sett at den i tillegg hadde tatt enno meir opp i seg av den immaterielle kulturarven.

Noreg har ratifisert UNESCO-konvensjonen for vern av immateriell kulturarv av 2003, og i den samanhengen vil vi gjerne peike på at denne delen av kulturarven også har sin eigen sjølvstendige verdi på same måte som den materielle og «faste kulturminner». På grunn av tradisjonar og lovverk er det heller ikkje alle deler av materiell kulturarv som er like vektlagt i planen. Den omhandlar mest spor i natur og bygningar. Den nemner i mindre grad kulturarv som klesbruk, dans, musikk, fortelling eller teater. Dei fem domena som konvensjonen nemner er

1. Munnlege tradisjonar og uttrykk
  2. Utøvande kunst (f.eks. musikk, dans og teater)
  3. Sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar
  4. Kunnskap og praksis som gjeld naturen og universet
  5. Tradisjonelt handverk

Når det gjeld den immaterielle kulturarven, er desse uttrykka er heilt avhengige av å leve i kroppar på nolevande menneske for å bli tatt vare på. Den trønderske tradisjonsdansen er for eksempel i dag lite brukt, og det er svært små miljø og enkeltpersonar som i dag utøver tradisjonsdans frå området. Når det gjeld den tradisjonelle teateraktiviteten er den stadig i større grad levande, men vi vil gjerne slå eit slag for at også den bør sjåast på i eit kulturarvsperspektiv, og ikkje berre som ein rein (amatør)aktivitet.

Den tradisjonelle ramma desse aktivitetane har vore praktisert i etter at det forsvann som uttrykk for «vanlege folk» eller «folk flest» har vore i organisasjonar. Om ein ser på organisasjonane som hadde stor utøving av desse aktivitetane er desse i dag små.

Det er positivt at det er med eit eige kapittel og forslag til tiltak innanfor opplevelsesnæringer. Undersøkingar har peikt på at aktivitetar utført i tradisjonsrike miljø styrkar verdiskaping. Dette fører likevel til at når planen nemner immateriell kulturarv, har planen stort sett ei instrumentell tilnærming til det. Det står rett ut i planen at uttrykk som musikk, mat, forteljingar osv er nyttig og viktig for kommersielle aktørar. Det kan sjå ut som om dette er hovudgrunnen til at ein skal ta vare på den immaterielle kulturarven.

Det er riktig og viktig at immateriell kulturarv har vorte stadig viktigare som råstoff i turistsamanheng og for opplevelsesnæringar. Kanskje er grunnen at aktivitetane kjennest viktige for folk. Vi som organisasjon er også opptatt av dette, og har dette som eitt av to hovudformål i føremålsparagrafen vår. Likevel står det i målet før at vi skal arbeide med immateriell kulturarv – også utan noko anna begrunning. Vi saknar at ein plan for kulturminne også behandlar immaterielle kulturminne som eit mål i seg sjølv, og ikkje i hovudsak instrumentelt som eit mål for økonomisk verdiskaping for marknaden som den gjer i kapittelet om opplevelsesnæringar.

Om ein ser på støtteordningar for kultur, så er det slik at støtte til frivillige lag og organisasjonar som driv med immaterielle kulturuttrykk berre er ein brøkdel av støtta som går til profesjonelle aktørar. Dette gjeld for eksempel Trøndelag teater og Turneteateret som arbeider med immateriell kultur og som begge speler viktige roller i den kulturelle infrastrukturen, for bulyst, utvikling av kunst og menneske. Det er bra. Likevel er det berre no og da dei arbeider med kulturarvssida.

Mange museum arbeider bra med tradisjonshandverk og med forteljing som grep i formidling. Fleire arbeider også med dans gjennom prosjektet «Museene danser», og programmatisk feiring av høgtider. Ein overordna og samordna plan i fylket for slike satsingar manglar likevel.

Når det gjeld musikk, så har fylket mange klassiske musikkarar tilsett, mellom anna gjennom Trondheim Symfoniorkester. Desse står i ein europeisk kulturarvstradisjon, og er viktige for kulturen i fylket, men per i dag finst det ikkje ei stilling for utøvarar som arbeider med tradisjonelle trønderske uttryksformer når det gjeld musikk og dans.

Når det gjeld matproduksjon har ein organisasjonar som Mære og Oi – Trøndersk mat og drikke, som begge arbeider svært godt innanfor ulike profesjonelle segment og bruker tradisjonar som råstoff, men kunnskap om t.d. oppbevaring av såkorn og «kunnskap om naturen og universet» som det står i konvensjonen om immateriell kulturarv, er ikkje ein del av målsettinga deira.

Om ein skal ta immateriell kulturarv på alvor, bør ein også vurdere tiltak som å auke støtte til frivillige organisasjonar som arbeider med uttrykk beskrive i konvensjonen, personlege stipend til enkelte tradisjonsberarar og også tilsette fylkesfolkemusikkarar, fylkesfolkedansarar, fylkesforteljarar for både utøving og pedagogiske plikter, samt folkemuskarkivformidlar. Fylkeskommunen ved Øyvind Anda utførte sjølv ei kort undersøking i 2020 blant kommunane i fylket, og konklusjonen på denne er at situasjonen for folkemusikken og folkemusikken i fylket er liten i dei fleste kommunar.

Vi meiner planen som er lagt fram er god, og vi ser også at det skjer mye bra arbeid innanfor immateriell kultur og også immateriell kulturarv i fylket og i fylkeskommunens regi. Likevel: På bakgrunn av punkta over, ber vi fylkeskommunen om også å vurdere å lage ein eigen plan der situasjonen for den immateriell kulturarven blir vurdert. Ein slik rapport kan i neste omgang danne grunnlag for vurdering av tiltak av vern og styrking av den immaterielle kulturarven i fylket. Dette manglar i dag.

Dette uttalen er utforma i tråd med styrets strategiar for arbeid i Stiftinga Hilmar Alexandersen.

For Stiftinga Hilmar Alexandersen  
  
Johan Einar Bjerkem  
Dagleg leiar